



Atle Tokvam
Landåslien 67 A
5097 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/28 - 17/385

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
06.01.2017

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett, tilbygg til hytte på gbnr 42/82.

Administrativt vedtak. Saknr: 03/2017

Tiltakshavar: Atle Tokvam

Tiltak: Søknad om tiltak etter plan og bygningslova (pb I) § 20- 4 , jf § 20- 1 .

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20- 4, motteke 28.12.2016 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av tilbygg til hytte på 32 m² på gbnr 42/82 på Beitingen/Søre Eikeland.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til fritidsbustad. Eigedomen ligg innanfor forbodssone mot tiltak i strandsona. I føresegnene til gjeldande kommuneplan pkt 1.6.6 – *område med særskilt høve til byggegrenser mot sjø* - gjeld byggegrense mot sjø for tiltak i Beitingen hyttefelt som for tiltak på uregulert bebyggd bustadeigedom, jf pkt 1.6.3.

I føresegnene pkt 1.6.3 vert det slått fast at for tilbygg/påbygg inntil 50 m² BRA og der tiltaket ikkje kjem nærare sjø enn eksisterande bygg, gjeld ikkje byggegrense mot sjø.

Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, jf pkt. 1.6.3 og 1.6.6, og det vert ikkje sett krav om dispensasjonssøknad for tilbygg til hytte.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla i perioden 23.10.– 18.11.2016, i samsvar med pbl § 21- 3 . Det er ikkje motteke merknader frå nok on av dei varsla partane. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl § 21 - 3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden og situasjonskart godkjent 06.01.2017.
Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Parkeringsareal og utandørs opphaldsareal er i samsvar med retningslinjer i kommuneplanen sin arealdel.

Planløsning og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløsning og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29- 1 .

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av av pbl § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg til hytte med eit samla BYA på 32 m2 i samsvar med søknad og teikningar motteke 28.12.2016, på gbnr 42/82 – Beitingen/Søre Eikeland.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan og plan-, snitt og fasadeteikningar godkjend 06.01.2017 .

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adressere.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

42-82

42-82 kart og teikningar

Mottakere:

Atle Tokvam

Landåslien 67 A 5097

BERGEN